

KONSEK-DAGEN 2018

10. oktober kl 10 arrangerer Konsek Trøndelag IKS den første fellessamlinga for alle kontrollutvalsmedlemer i det nye Trøndelag. Konsek-dagen vil gå føre seg på **hotell Scandic Hell, Værnes**.

Med overskrifta "*Synleg kontroll eller hemmelege tenester?*" vil me setje fokus på at kontroll og tilsyn bør bli meir synleg både i høve til politikarane, innbyggjarane og i mediebiletet.

Som hovudinnleiar har me fått **riksrevisor Per-Kristian Foss**.

I tillegg vil Stortingsrepresentant *Guro Angell Gimse* innleie om korleis forvaltningsrevisjonsrapportar kan brukast til å gjera kontrollutvala si verksemd synleg.

Me legg opp til at konferansen skal aktivere deltakarane gjennom aktuelle problemstillingar og debatt, og ein prosessleiar vil styre dagen. Dette er *Torgeir Skevik*, med bakgrunn som kontrollutvalsleiar, arbeid med kontroll og tilsyn hjå fylkesmannen, og frå kommunal administrasjon.

Meir informasjon kjem seinare.